


Fylkesmannen i Vestland  
Kystverket Vest  
Fiskeridirektoratet Region VestDato: 03.05.2019  
Vår ref.: 2019/3636-5  
Saksbehandlar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## Lerøy Vest AS - Søknad om auka areal i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11649 Stolane i Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune sender kopi av søknad motteke 29.04.2019 frå Lerøy Vest AS om løyve til utviding av areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11649 Stolane i Radøy kommune.

Lokalitet 11649 Stolane er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 3120 tonn. Godkjent anlegg består av eit kompakt stålanlegg med 14 stykk 24 x 24 bur med forflåte. Noverande anleggsplassinga vart godkjent etter akvakulturregelverket 29.01.2007.

Lerøy Vest AS søker no om å erstatte eksisterande stålanlegg med eit plastringanlegg. Anlegget vil ha ei rammefortøyning som er 110 x 550 meter. Anlegget vil bestå av 5 merdar. Plasseringa av fôringsflåten er på nordsida av anlegget. Større ramme medfører og at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Arealauken vil skje søraust og nordvest i høve til noverande plassering. Kartet under syner overflate arealet til noverande anlegg og omsøkt plassering av anlegg.



Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse i anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 3120 tonn.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Lerøy Vest AS mellom anna at verksemda har god erfaring med plastringar i rammefortøyning, og det vert arbeidd for at denne anleggstypen vert standard i selskapet. For å gje fisken i merdane best moglege forhold, ønskjer Lerøy Vest AS å gje fisken betre plass i merdane. Dette fører til at fisken får større volum og areal, og dermed vert tilveksten og førfaktor betre og i sum vil dette føra til betre miljø. I tillegg har Lerøy Seafood investert i brønnbåten Seihav, som er ein av dei største brønnbåtane i Norge med ein lastekapasitet på 3 600m<sup>3</sup>. Dette for bl.a. å skånsamt og raskt kunna behandla fisk med ferskvatn mot gjellesjukdomen AGD. Seihav er også utstyrt med Optilicer, der ein pumper fisken om bord i brønnbåten, badar den i varmtvatn slik at lusa fell av og pumper fisken tilbake i sjøen. Alt vatn i brønnen vert pumpa gjennom eit filter som samlar opp lusa slik at her ikkje vert utslepp til det ytre miljø. Med ein slik auke i brønnbåtkapasiteten har ein dermed moglegheit til å nytta større einingar.

I kommuneplan for Radøy er omsøkt område avsett til akvakultur, og i føresegnene til planen er det høve til å leggje fortøyningar og anker i fleirbruksområde utafor område sett av til akvakultur.

Miljøtilstand under og i nærsone til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 8 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2013-2019, og rapportar frå desse undersøkingane syner hovudsakleg tilstand 2 og 3, bortsett frå granskinga i 2015 og 2017 som fekk tilstand 1. Det er tatt feltprøver til MOM C i resipienten 04.04.2019, men på grunn av artsanalysar vil det ta ca 6 månader før denne rapporten er klar.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Sådanne vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Radøy kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Lerøy Vest AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Lerøy Vest AS